



Vår sakshandsamar:
Ellen Herland 57845015

Vår dato:
12.01.2005
Dykkar dato:

Vår referanse:
2004/001559 - 9
Dykkar referanse:

Barne- og familiedepartementet

Kopi til:

330.00

Pb. 8036 Dep.
0030 OSLO

BARNEHAGELOV - NY - HØYRING

2004/04169
-513

Saka var framme til endeleg handsaming i oppvekst- og kulturutvalet i Vågsøy kommune 11.01.05.

Det vart fatta slikt samr. vedtak:

Vågsøy kommune gjev følgjande fråsegn til framlegget om ny barnehagelov:

1. Barnehagelova må opne for meir kommunal vurdering og skjønn tilpassa dei lokale tilhøva.
2. Det må utarbeidast rettleiande normer i høve til areal og bemanning i barnehagane. Desse må minst vere som i dag.
3. Viktig med § 6 Godkjenningsplikt, som skjerpar godkjenningsplikta for institusjonsprega verksemder.
4. I § 10 Godkjenning må det vere ei avgrensing for nyetablering av barnehagar med kommunalt driftstilskot, dersom dette vil føre til overkapasitet i kommunen.
5. § 18 Leiing må ta utgangspunkt i alt. B. Styrar må ha sitt daglege arbeid i barnehagen. Styrar må ha utdanning som førskulelærer.
6. § 19 Barnehagens øvrige personale må bygge på alt. A. Pedagogisk leiar skal primært ha utdanning som førskulelærer.

Vedlagt følgjer kopi av saksprotokoll, saksutgreiing og fråsegn frå dei ulike barnehagane.

Med helsing

Ellen Herland
Konsulent

Saksprotokoll fra Vågsøy Oppvekst- og kulturutval

001/05 BARNEHAGELOV - NY - HØYRING

Saksbehandler Janne Halsør - SE

:

Dato: 12.01.2005

Arkivref.: 2004/001559-7 / A10-&13

Utvalg	Møte- dato	Utvalgs- saksnr.	Beh.- status	Besluttende organ
Oppvekst- og kulturutval	11.01.2005	001/05	BE	Ja

(Behandlet status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig behandlet, UT=Utsatt, TB=Tilbakeført til forrige utvalg)

Underretning sendes:

- parter i saken
- øvrige

Dokumenter vedlagt saken:

1. Ny barnehagelov - Lovutkast
2. Fråsegn frå Skramsmarka barnehage datert 29.11.04
3. Fråsegn frå Skavøypoll barnehage datert 03.12.04
4. Fråsegn frå Trollskogen barnehage datert 03.12.04
5. Fråsegn frå Skarevik barnehage datert 28.12.04

Øvrige dokumenter i saken:

Klageadgang:

Nei

Innstilling

Vågsøy kommune gjev følgjande fråsegn til framlegget om ny barnehagelov:

1. Barnehagelova må opne for meir kommunal vurdering og skjønn tilpassa dei lokale tilhøva.
2. Det må utarbeidast rettleiande normer i høve til areal og bemanning i barnehagane.
3. Viktig med § 6 Godkjenningssplikta, som skjerpar godkjenningssplikta for institusjonsprega verksemdar.
4. I § 10 Godkjenning må det vere ei avgrensing for nyetablering av barnehagar med kommunalt driftstilskot, dersom dette vil føre til overkapasitet i kommunen.
5. § 18 Leing må ta utgangspunkt i alt. B. Styrar må ha sitt daglege arbeid i barnehagen. Styrar må ha utdanning som førskulelærer.
6. § 19 Barnehagens øvrige personale må bygge på alt. A. Pedagogisk leiar skal primært ha utdanning som førskulelærer.

Møtebehandling

I møtet sette repr. Turid Vika Skram (AP) framsløkt forslag til vedtak:

"Som rådmannen sitt forslag med slikt tillegg:

Punkt 2. Det må utarbeidast rettleiande normer i høve til areal og bemanning i barnehagane. **Desse må minst vere som i dag.**"

Ved **votering** vart repr. Skram sitt forslag **samr. vedteke**.

Vedtak

Vågsøy kommune gjev følgjande fråsegn til framlegget om ny barnehagelov:

1. Barnehagelova må opne for meir kommunal vurdering og skjøn tilpassa dei lokale tilhøva.
2. Det må utarbeidast rettleiande normer i høve til areal og bemanning i barnehagane. Desse må minst vere som i dag.
3. Viktig med § 6 Godkjenningsplikt, som skjerpar godkjenningsplikta for institusjonsprega verksemder.
4. I § 10 Godkjenning må det vere ei avgrensing for nyetablering av barnehagar med kommunalt driftstilskot, dersom dette vil føre til overkapasitet i kommunen.
5. § 18 Leing må ta utgangspunkt i alt. B. Styrar må ha sitt daglege arbeid i barnehagen. Styrar må ha utdanning som førskulelærer.
6. § 19 Barnehagens øvrige personale må bygge på alt. A. Pedagogisk leiar skal primært ha utdanning som førskulelærer.

Saksframlegg for Vågsøy Oppvekst- og kulturutval

001/05 BARNEHAGELOV - NY - HØYRING

Saksbehandler Janne Halsør - SE

:

Dato: 05.01.2005

Arkivref.: 2004/001559-7 / A10-&13

Utvalg	Møte- dato	Utvalgs- saksnr.	Beh.- status	Besluttende organ
Oppvekst- og kulturutval	11.01.2005	001/05	-	Ja

(Beh. status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig behandlet, UT=Utsatt, TB=Tilbakeført til forrige utvalg)

Underretning sendes:

-parter i saken

-øvrige

Dokumenter vedlagt saken:

1. Ny barnehagelov - Lovutkast
2. Fråsegn frå Skramsmarka barnehage datert 29.11.04
3. Fråsegn frå Skavøypoll barnehage datert 03.12.04
4. Fråsegn frå Trollskogen barnehage datert 03.12.04
5. Fråsegn frå Skarevik barnehage datert 28.12.04

Øvrige dokumenter i saken:

Lov om barnehager, 5. mai 1995

Innstilling

Vågsøy kommune gjev følgjande fråsegn til framlegget om ny barnehagelov:

1. Barnehagelova må opne for meir kommunal vurdering og skjønn tilpassa dei lokale tilhøva.
2. Det må utarbeidast rettleiande normer i høve til areal og bemanning i barnehagane. Desse må minst vere som i dag.
3. Viktig med § 6 Godkjenningssplikt, som skjerpar godkjenningssplikta for institusjonsprega verksemder.
4. I § 10 Godkjenning må det vere ei avgrensing for nyetablering av barnehagar med kommunalt driftstilskot, dersom dette vil føre til overkapasitet i kommunen.
5. § 18 Leiing må ta utgangspunkt i alt. B. Ein må halde på omgrepet styrar, og at denne må ha sitt daglege arbeid i barnehagen. Styrar må ha utdanning som førskulelærer.
6. § 19 Barnehagens øvrige personale må bygge på alt. A. Pedagogisk leiar skal primært ha utdanning som førskulelærer.

..

Sentraladministrasjonen

Utarbeida av
Janne Halsør 57850616

Vår dato
23.12.2004
Dykkar dato
03.08.99

Revisjon
1.0

Vår referanse
2004/001559
Dykkar referanse

Til
Oppvekst og kultur

Kopi til

BARNEHAGELOV - NY - HØYRING

INNLEIING

Viser til Høringsnotat om ny barnehagelov frå Barne- og familiedepartementet, datert 09.11.04. Fristen for innspel er 10.januar 2005. Høringsnotatet vart sendt alle barnehagane for uttale innan 29.11.04. 4 barnehagar har kome med innspel.

SAKSUTGREIING

Barnehagelova skal fremje at barna skal få omsorg og eit godt pedagogisk tilbod i barnehagen. Ein skal med dette sikre høg kvalitet, samstundes som ein legg til rette for lokal utforming i ei meir oppdatert og forbetra utgåve.

Forslaget til ny barnehagelov er i følgje departementet :

- Forenkla og modernisert i høve til gjeldande lov.
- Meir brukarvennleg.
- Tydelegare når det gjeld ansvarsfordeling
- Tilrettelagt for nye etableringar.
- Meir open for auka lokal tilpassing og mangfald.

Departementet sette ned ei arbeidsgruppe som har vurdert korleis kvaliteten i barnehagetilbodet kan sikrast. Dette har danna eit viktig del av grunnlaget for lovutkastet. Det er òg lagt til grunn at kommunane skal finansiere barnehagane gjennom rammetilskotet frå 2006.

Endringane omfattar m.a. følgjande:

- Innhaldsbestemmelsen vert utvida , § 2.
- Medverknaden til barna vert synleggjort, § 3.
- Skjerpar plikta til å søkje godkjenning, § 6
- Endring av reglane for kommunen sin handsaming av søknader om godkjenning, § 10
- Utviding av retten til prioritet ved opptak, § 13.
- Endring av tilsynskompetansen hos fylkesmannen, § 16
- Leiing i barnehagane og kompetansebehov, §18. 2 alternativ vert lagt fram for drøfting
- Utforming av det øvrige personalet, § 19. Her er det lagt fram 4 alternativ til drøfting.

VURDERING

Lovutkastet legg opp til vide rammer for barnehagesektoren, og det vert opp til lokal tilpassing både av innhald, bemanning og fysisk utforming. Den økonomiske situasjonen til barnehageeigar, vil då i større grad kunne styre både innhald, bemanning og lokale.

Samstundes vert i lovutkastet framheva at kvaliteten skal sikrast. Dette har samarbeidsutvala i barnehagane kome med merknad til, for dei ser klart utfordring i å gje barna eit kvalitativt godt tilbod når det ikkje er absolutt minimumskrav/norm. Dette gjeld både i høve til normer for bemanning og leikeareal.

Norm for bemanning og leikeareal vil vere eit signal om kva som er det minste som krevst for å sikre kvaliteten i barnehagane. Samstundes vil dette vere ei rettesnor for kommunen som "lokal barnehagemyndighet og skal sikre at barnehagane drives i samsvar med gjeldende lover og regleverk." (§ 8 Kommunens ansvar , lovutkastet)

Lokal tilpassing i høve til organisering av barnehagetilbod er viktig, sidan utgangspunktet for barnehagedrift rundt om i landet er så ulikt. Kommunen må derfor som barnehagemyndighet kunne vise skjønn ved godkjenning og drift. Dette må likevel balanserast mot rettleiande normer som staten har sett.

§ 2 Barnehagens innhold

Det er positivt at ein set ord på innhaldet i barnehagen. Dette styrkjer rettane til barna.

§ 3 Barns rett til medvirkning

Ein ser det som positivt at barna i større grad skal få påverke kvardagen sin. Ein ser òg utfordringa i korleis få dette til.

§ 6 Godkjenningssplikt

Godkjenningssplikta er skjerpa ved at "virksomheten er regelmessig og **ett eller flere** barn har en ukentlig oppholdstid på mer enn 20 timer.." I gjeldande lov er det **fleirtalet** av barna som må ha ei oppholdstid på 20 timar eller meir pr. veke. Ein ser det som positivt å sikre tilsynsordningar som institusjonsprega verksemder.

§ 10 Godkjenning

Lokala inne og ute i barnehagen er ein del av læringsmiljøet til barna, og må stillast krav til. Det gjeld både i høve til plassering, utforming og arealnorm. Uteområdet må vere i nærleiken av barnehagen, slik at barna dagleg og utan for mykje planlegging, kan nytte uteområdet.

Det må vere ei avgrensing for retten til å kunne etablere nye barnehagar med kommunalt driftstilskot, dersom dette vil medføre ein overkapasitet i kommunen.

§ 18 Ledelse

Alle 4 fråsegnene understrekar verdien i at der er ein dagleg leiar (styrar) i barnehagen, og at denne må ha utdanning som førskulelærer. Dette for at barnehagen skal kunne oppfylle krava i § 2 (innhaldsparagrafen). Varig dispensasjon frå utdanningskravet er då uaktuelt.

Forslag til ny paragraf med utgangspunkt i alternativ B: " Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ daglig ledelse. Barnehagen skal ha en styrer som har utdanning som førskulelærer. Når barnehage og grunnskole er organisert som en mindre virksomhet, kan skolens rektor være daglig leder for barnehagen. Kommunen kan innvilge dispensasjon...Departementet gir nærmere forskrifter."

§ 19 Barnehagens øvrige bemanning

Dei 4 fråsegnene framhevar behovet for kompetansekrav og bemanningsnorm for å sikre kvalitet i barnehagen. Ein må minst ha tilsette med pedagogisk utdanning som i dag.

Forslag til § 19 med utgangspunkt i alternativ A, med unnateke av tredje ledd. Forskrifta må innehalde ei norm for pedagogisk leiar som i dag.

Rådmannen har følgjande framlegg til fråsegn:

Vågsøy kommune gjev følgjande fråsegn til framlegget om ny barnehagelov:

1. Barnehagelova må opne for meir kommunal vurdering og skjønn tilpassa dei lokale tilhøva.
2. Det må utarbeidast rettleiande normer i høve til areal og bemanning i barnehagane. Desse må minst vere som i dag.
3. Viktig med § 6 *Godkjenningsplikt*, som skjerpar godkjenningsplikta for institusjonsprega verksemder.
4. I § 10 *Godkjenning* må det vere ei avgrensing for nyetablering av barnehagar med kommunalt driftstilskot, dersom dette vil medføre overkapasitet i kommunen.
5. § 18 *Leing* må ta utgangspunkt i alt. B. Ein må halde på omgrepet styrar, og at denne må ha sitt daglege arbeid i barnehagen. Styrar må ha utdanning som førskulelærer.
6. § 19 *Barnehagens øvrige personale* må bygge på alt. A. Pedagogisk leiar skal primært ha utdanning som førskulelærer.

Vedlegg 2

VAGSØY KOMMUNE - SENTRALADM.			
Dato	16 DES. 2004		
Saknr.	2004/001559	Dok.nr.	5
Løpnr.	00 5964	Saksb.	J. H.
Ark.P.	A 10	Ark.S.	13

HØRING - NYTT FORSLAG TIL BARNEHAGELOV

Samarbeidsutvalget i Skramsmarka barnehage har følgende kommentarer:

Etter å ha gått igjennom forslaget, mener vi at de forslag til endringer åpner opp for flere barn pr. voksen, mindre krav til utdanning og fare for dårligere faglig kvalifisert ledelse i barnehagen.

Kompetanse og bemanning

Viser til § 17 i dagens lov om barnehager:

"Pedagogiske ledere må ha utdanning som førskolelærere..... Bemanningen i barnehagen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en pedagogisk virksomhet. Departementet gir utfyllende forskrifter om pedagogisk bemanning."

Bemanningsnormen er i dag 14-18 barn over tre år og 7-9 barn under tre år pr. førskolelærer.

Forholdet mellom antall barn og pedagogisk bemanning må i minste fall videreføres. I tillegg bør det komme en norm i forhold til antall barn pr. voksen uavhengig av stilling.

En må også opprettholde krav om utdanning som førskolelærer.

Begrepet pedagogisk leder er tatt vekk fra alle alternativene. Førskolelærer eller pedagog blir brukt som benevnelse. I uttalen til Utdanningsforbundet ser faren i at personale ansatt på funksjonshemmede barn kan på denne måten risikere å bli regnet inn i normen for grunnbemanning. Vi støtter utdanningsforbundet på at begrepet pedagogisk leder ikke må fjernes fra lovteksten.

Betegnelsen styrer er også tatt vekk i utkast til ny lov. Benevnelsen daglig leder blir brukt. Det blir ikke stilt krav til daglig leder skal ha utdanning som førskolelærer. Vi kan ikke støtte denne endringen.

Her åpnes det opp for at den som i dag er pedagogisk leder kan bli daglig leder og få en helt annen funksjon enn i dag.

Areal

Arealnormen som i dag er på 4 kvadratmeter for barn over tre år. § 46 lov om barnehager. Denne må opprettholdes, og ikke overlates til den enkelte eier å bestemme. I det nye forslaget er det ingen retningslinjer om areal.

Ellers ser en på kapittelet om barns medbestemmelserett som et positivt innslag i lovforslaget.

29. desember 2004

Eli Stølan
Sekretær

Ken Tore Solvåg
leder



Deknepollen, 03.12.04

Til Vågsøy kommune
PB 294
6701 Måløy

VÅGSØY KOMMUNE - SENTRALADM.	
Dato	13 DES. 2004
Saknr. 2004/001559	Dok.nr 4
Løpenr. 005898	Saksb. Jatta
Ark.P A10	Ark.S & 13

HØYRINGSUTTALE – NY BARNEHAGELOV

Samarbeidsutvalet i Skavøypoll barnehage har følgende uttale:

1. Utforminga av barnehage
§ 3 i dagens lov om utforming av barnehagen, må inn i lova igjen. Det er viktig at vi framhevar at det er ungene som skal vere i fokus når lokal inne og ute skal godkjennast. Sidan mange av ungene er små, er det viktig at uteområdet har umiddelbar tilknytning til barnehagen. Dette for å sikre at ungene er ute kvar dag.
2. § 2 i lovutkastet er positivt, for det set ord på kva innhald barnehagane skal ha. Dette styrkjer rettane til ungene.
3. § 3 i lovutkastet er nytt. Vi ser det som positivt at ungene i større grad skal kunne påverke kvardagen sin. Vi ser utfordringar i det å få dette til.
4. § 6 i lovutkastet ser vi som ei skjerping av dagens lov, og det ser vi som positivt. Det er viktig at tilboda vi gjev ungene, er i kontrollerte former; der ungar og foreldre kan stille krav til innhald, organisering m.m.
5. § 7 i lovutkastet er oppstilling av innhald i vedtektene teke bort. Dette bør på plass igjen, slik at dei som skal lage og vedta vedtekter, har noko å gå utifrå. Dette må sjåast på som ei hjelp i utforminga, og som viser noko om kva som kan vere av betydning for foreldre.
6. § 10 : Arealnorma må ein halde fast ved, - som i dag. Vi må ha eit minimumsareal, som tek omsyn til ungene sine behov. Dette for å unngå at økonomien styrer kor mange barn som er i barnehagen.
7. § 18 må vere slik: "Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse. Barnehagen skal ha en daglig leder som har utdanning som førskolelærer. Kommunen kan gi midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet. Kommunens vedtak jkan påklages fylkesmannen".

Grunngjeving: For å sikre barnehagane den forsvarlege pedagogiske leiinga som § 18 innleiar med, må det vere ein førskulelærer. Leiaren i ein slik organisasjon, der det er få pedagogar, ser vi det som viktig at leiar òg har denne kompetansen.

8. § 19 : " Bemanningen skal bestå av førskolelærer og annet egnet personale. Kommunen kan gi midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet. Kommunen vedtak kan påklages til fylkesmannen. Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet."


Grunngjeving: Vi har i dag ei yrkesgruppe som er spesielt utdanna for å jobbe i barnehage, med barn i **alderen 1 – 6 år. Og med ungar i gruppe.** Andre yrkesgrupper med pedagogisk utdanning er meir retta mot einskildbarn eller eldre ungar. Vi meiner derfor at det er denne yrkesgruppa som best tek ivare og sikrar barnehagane vert den pedagogiske tilrettelagde verksemda, som lova framhevar i §2 i lovutkastet.

For å sikre at det er eit minimum av pedagog tilstade med ungane, må det setjast eit minimumskrav som i dag: Ein pedagog pr. 14 – 18 barn over 3 år og 7 – 9 barn under 3 år. Erfaringa i dag er at det er ein pedagog pr 18 barn over 3 år og 9 barn under 3 år. Dvs at ein her har maks tal ungar pr pedagog. Med dagens økonomiske situasjon i både kommunale og private barnehagar, vil pedagogtettleiken straks bli mindre, dersom det vert opning for det i lova. Dei som tapar på dette, det er ungane. Vilkåra for korleis kvardagen deira skal verte, blir lagt i denne lova, og den vil styre barnehageverksemda i mange år framover.

Samarbeidsutvalet

Britt Gotteberg
Pers.repr.

Marit Gangsø
foreldrerepr.


Janne Halsør
Referent/styrar

Vedlegg 4

TROLLSKOGEN BARNEHAGE

postboks 423
6701 Maløy
tlf. 57 85 08 42
faks 57 85 20 10

3. desember 2004

Eierform: Foreldreieid BA
Antall barn: 49
Antall årsverk: 9

VÅGSØY KOMMUNE - SENTRALADM.	
Dato	- 6 DES. 2004
Saknr. 2004/001559	Dok.nr 3
Løpenr. 005772	Saksb. Jatta
Ark.P A10	Ark.S 13

Samarbeidsutvalget i Trollskogen bhg. har følgende merknader til Barne- og familiedepartementets forslag til ny bhg. Lov:

Høringsnotatet innleder med at Hovedformålet med barnehageloven er å bidra til at barna får omsorg og et godt pedagogisk tilbud. Regelverket skal sikre høy kvalitet i barnehagetilbudet, samtidig som det skal legges til rette for mest mulig lokal utforming av kvalitetskrav.

Innledningen høres flott ut, men Samarbeidsutvalget stiller seg svært undrende til hvordan en gjennom loven skal klare å sikre barna et godt pedagogisk tilbud, samt en høy kvalitet i bhg. Dersom en samtidig fjerner normen for antall barn pr. pedagog og antall barn pr. gruppe. Hvem skal vurdere hva er forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse. Hva vurderer man ut i fra, er det økonomi? Hvilke forutsetninger har man for å vurdere dette?

Plukket fra de ulike forslagen ønsker vi å sette opp følgende forslag til endring:

§18 Ledelse; alternativ B.

Barnehagen skal ha en daglig leder som har utdanning som førskolelærer. Selv om barnehage og grunnskole er organisert som en mindre virksomhet bør barnehagen ha en prosentdel styrer ut i fra antall barn. Kommunen kan innvilge dispensasjon fra utdanningskravet. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen. Departementet gir nærmere foreskrifter.

§19 Barnehagens øvrige personale

Forslaget er plukket i fra alternativ A og B; bemanningen skal bestå av førskolelærere og annet egnet personale. Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.

Kommunen kan gi dispensasjon fra utdanningskravet. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen. Departementet gir utfyllende forskrifter om pedagogisk bemanning. En felles norm i forskriften som sier, en førskolelærer per 10-14 barn som er tilstede samtidig

§ 20 Politiattest

Den som skal arbeide i barnehage må legge frem tilfredsstillende politiattest. Attesten skal vise om vedkommende er siktet, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn, og eller annen form for vold.

Samarbeidsutvalget i Trollskogen barnehage frykter følgene dersom barnehageloven blir vedtatt slik ordlyden er i høringen. Det å kun fokusere på økonomi vil føre til en rasering av barnehagen. Pedagogene vil da forlate barnehagene da det ikke lenger er forsvarlig driftsform.

Vi håper at Barne- og familiedepartementet tenker seg nøye om før de innfører en ny barnehagelov, der man slipper opp for krav/norm til pedagogisk personale samt antall barn i gruppene.

Therese Sæbø Strand
Leder for samarbeidsutve. i Trollskogen bhg.

v/ Janne Halsør

Vedlegg 8

VAGSØY KOMMUNE SENTRALADM.			
Date	29 DES. 2004		
Saknr.	2004/001559	Doknr.	6
Løpenr.	006069	Saksb.	JH
Ark.P	A10	Ark.S	

INNSPEL TIL FORSLAG OM NY BARNEHAGELOV

Kap. 1

§ 2. Bra at ungene til ei viss grad får rett til å uttale seg/medrårerett.

Kap. 2

§ 4. Flott at det etter nytt forslag plikter foreldrerådet/foreldrene opp til at dei SKAL bidra til samarbeid.

Kap. 4

Det må vere eit minstekrav for leike- og opphaldsareal i barnehager. Visst dette kravet forsvinner, vil kvaliteten på barnehagane gå ned fordi barnehager med dårlig økonomi vil ta inn mange fleire barn enn det er pr i dag. Det blir også veldig ulikt tilbud til barna frå barnehage til barnehage.

Styrar skal ha utdanning som førskulelærer.

Kap. 5.

Det skal stå styrar i staden for leiar

Pedagogisk leiar skal ha utdanning som førskulelærer.

Det skal vere eit minimumskrav på pedagogtettheten i barnehagane. Personalet bør vere slik som i dag, med 1 pedagog og 2 assistentar pr 18 barn.

Med helsing
Skarevik Barnehage

Karin Myhre Refvik Rita Lothe Mobakken
Karin Myhre Refvik- Rita Lothe Mobakken
- styrar -